




Merkur Hovudprogram

Hovudprogrammet er hjartet i Merkur. Dette er eit kompetansehevande utviklingsprogram for dei minste daglegvarebutikkane ute i distrikta. Om lag 950 butikkar har til no vore med. Merkur er organisert som eit nettverk av 10 Merkur-konsulentar som mellom anna leiar hovudprogramma og fungerer som viktige støttespelarar for butikken. Etter gjennomført hovudprogram kan kjøpmannen delta på konferansar og få individuell hjelp og oppfølging av Merkur-konsulent.

Hovudprogrammet inneheld 5 samlingar der det er lagt vekt på både butikkfaglege, kompetansehevande tiltak og opplegg for å arbeide med tilleggsfunksjonar og lokalsamfunnsengasjement. Første del av programmet består av utarbeiding av situasjonsanalyse for butikken. Andre del av programmet er den mest omfattande. Her ser ein på korleis butikken kan sikre betre lønsemd, tilføring av tilleggstenester og utvikling i høve til lokalsamfunnet. Butikkledelse er også eit tema.

Programmet består av både seminarsamlingar og oppfølging/besøk av konsulenten i mellomperiodane.

Merkur modellen



For meir informasjon: www.merkur-programmet.no

Dagleg leiar Helge Schei mobil 907 26 290.

Kommunikasjonsrådgjevar Per Kjetil Jørgensen mobil 473 44 487

Merkur –konsulent for ditt område finn du på nettsida.